



10. – 14. oktober [www.litteratursymposiet.no](http://www.litteratursymposiet.no)

# FENGSLE

ODDA2012  
LITTERATURSYMPOSIET



# ODDA 2012

## LITTERATURSYMPOSIET

10. – 14. oktober [www.litteratursymposiet.no](http://www.litteratursymposiet.no)

### Festivalleiing:

Marit Eikemo, festivalleiar  
Ingvild Ystanes, festivalkoordinator  
Nina Kongtorp, kultursjef Odda kommune  
Else Marie Sandal, biblioteksjef. Program-  
ansvarlig for barn og unge  
Blueslaget Lokst Utøve, teknisk ansvarlig

### Billettar:

- Tenestetorget i Odda
- [www.litteratursymposiet.no](http://www.litteratursymposiet.no)
- I døra 30 min. før arrangementstart.

## Fengsla i Odda

Kva er eit fengsel, og kva er det som fengslar?

Årets tema er ein aktuell og samtidig open inngang til samtidslitteraturen og samfunnsdebatten. Det handlar om juss, om forbrytelse og straff – og krimlitteratur. Men det handlar også om kjærleik og begjær. Om lidenskap, alderdom og død.

Ein by kan vere eit fengsel. Folk i Odda veit kva det vil seie å vere innesperra av knugande fjell og rasande naturkrefter. Eit fengsel kan også vere ein tilstand, ei kjensle av å vere ufri, av å ikkje komme laus. I mange år no har oddingane vore fanga i den konfliktfylte debatten om Odda smelteverk, om det er framtid eller skrot i gamle industriruinar.

Odda har også vist at litteratur kan vere ein veg ut. Litteratur kan vere frigjerande. Det går an å dikte seg ein by, dikte seg bort, eller heim igjen.

Det går an å bygge eit nytt Odda. Ord for ord, setning for setning.

*Det er ein ny dag, ein ny song, ein bikubesong.  
Alt er så nær at eg kan ta på det. Eg kan plukke  
ned flya frå himmelen, kaste sola opp i lufta,  
trille terningar med husa. Min vesle by.*

*Min vesle by.* Frode Grytten (Bikubesong)

La deg fengsle i Odda. Av litteraturen og byen, av debattar, opplesingar, seminar, samtalar, konsertar og byvandringar. Fem dagar til ende. Velkommen til Litteratursymposiet!

Marit Eikemo  
Leiar for Litteratursymposiet



## Bikubegang

- 1 MURBOLIGEN
- 2 FOLGEFONNGATA
- 3 FRELSESARMEEN
- 4 BARNESKULEN
- 5 PLATESJAPPA
- 6 FLYTEBRYGGA
- 7 TORGET
- 8 BUSSTASJONEN
- 9 ALMERKEPARKEN
- 10 GÅGATA
- 11 MERCUR CAFÉ
- 12 SKREVET
- 13 DOMUS
- 14 SMELTAREN
- 15 HARDANGER HOTEL
- 16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET
- 17 KINOEN
- 18 OPO
- 19 ERRAFLOT
- 20 TYSSDALSVEGEN
- 21 LINDEHUSET
- 22 SMELTEHUSET
- 23 HJØLLO
- 24 RØLDALSVEGEN

## Litteratursymposiet 2012

- A LINDEHUSET
- B HARDANGER HOTEL
- C MEIERIET
- D KINOSALEN
- E FESTIVALKONTOR
- F SMELT CAFÉ
- G SENTRALBADET LITTERATURHUS
- H ODDA BIBLIOTEK
- I MURBOLIGEN (START BIKUBEGANG)
- J TIZIR
- K NLI
- L EKSPEDISJONEN
- M KALVATRÆET
- N UNGDOMSHALLEN
- O ZANZ SKO
- P BOKKOTUNET
- Q FORMANNSHUSET
- R RØLDALSGARASJEN
- S BIBLIOTEKET I RØLDAL
- T ODDA ENERGI
- U IRIS SCENE
- V ESPELAND DAME
- W POLITIET

Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez

**Bikubegang.** Litteratursymposiets lågterskeltilbod

Nokre dagar seinare kom vepsebolet rullande mot Fittetjuven. Midt på natta braste bilen ned langs fortauet utan kont roll. Fittetjuven hadde nettopp besøkt ei ingeniørfrue som budde i ein av dei brattaste bakkane på Erraflot.

Bli med inn i Frode Gryttens univers og det mytiske Odda.

Bikubegang er ei vandring i det litterære og heilt konkrete Odda, med opplesingar og folkesnakk og historiske kuriosa. Grytten startar byvandringa utanfor Murboligen og stoppar ved fleire sentrale punkt i Odda. Her får vi høre om den gamle platesjappa til Betzy og dei legendariske snopedamene i Gågata.

Vi får høre om partisekretæren frå *Bikubesong* som ramlar i Sørfjorden og endar opp med ein våt og uleselig 1. mai-tale. Vi får høre om slaget i Skrevet i 1931, då kommunistane og sosialdemokratane sine 1. mai-tog brasa saman i eit gedigent masseslagsmål.

Og på kinotrappa syng Pedro.

Det var ei ulykkelig ingeniørfrue.

DON'T THINK SMALL  
- Fittetjuven -

**Fredag og laurdag kl. 16.00**





Opninga av Litteratursymposiet er ei storslått forestilling, og i år byr vi på ingenting mindre enn ein urpremiere. Trond Espen Seim og Anne Ryg framfører Lars Ove Seljestads *Fars tale* i dialog med Kjartan Fløgstad's *Durdeis tale* frå romanane *Blind* og *Dalen Portland*.

Cathrine Grøndahl, poet og jurist og bistandsadvokat for dei etterlatne etter 22. juli, reflekterer over årets tema: fengsla.


For første gong i Odda: UKON! Den svenske poeten og psykoanalytikaren, berømt for sine ekspressive opplesingar, vil framføre eit av sine fengslande dikt.

Tyssedalkoret kjem alle mann alle til Lindehuset for å framføre klassikaren *Vi bygger landet*, og Oddingen, den ferskaste av alle Frode Gryttens alter ego, har ikkje tenkt å halde seg unna rampelyset i år heller. Frode Grytten sjølv vil tre fram på scena i samspel med det meir enn lovande Oddabandet Jitney i den store finalen.

Ordførar John Opdal er blant dei som vil tale og helse på den store dagen.

**Onsdag kl. 19.00 i Lindehuset**

# Litterær kraftstasjon



Krimlitteraturen toppar alle sals- og utlånstatistikkar, og ein av Norges største eksportartiklar er ein krimhelt. Men er det bra litteratur?

Litteratursymposiet inviterer til miniseminar om krimlitteratur og kvalitet. Finst det egne kvalitetsomgrep for krimlitteraturen, bør det vere det? Er det eit mål for krimlitteraturen å vere litterær?



# Kriminelt bra!



I første del av programmet blir det korte innleiingar ved:  
 Kjørtan Fløgstad: Om krimsjangeren  
 Cathrine Grøndahl: Om politi – og jusspråket  
 Gro Jørstad Nilsen: Om Bernhard Borge (Andre Bjerke)  
 Frode Grytten: Om å uventa få Rivertonprisen for ein skjønlitterær roman

Etter pause blir det paneldebatt med  
 Frode Grytten  
 Kjørtan Fløgstad  
 Chris Tvedt  
 Tom Egeland

Gro Jørstad Nilsen er ordstyrar

Miniseminar om krim og kvalitet  
 Torsdag kl. 13.00 – 15.00 på biblioteket

AS SOON AS YOU´RE BORN THEY MAKE YOU FEEL SMALL,  
BY GIVING YOU NO TIME INSTEAD OF IT ALL,  
TILL THE PAIN IS SO BIG YOU FEEL NOTHING AT ALL,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
THEY HURT YOU AT HOME AND THEY HIT YOU AT SCHOOL,  
THEY HATE YOU IF YOU´RE CLEVER AND THEY DESPISE A FOOL,  
TILL YOU´RE SO FUCKING CRAZY YOU CAN´T FOLLOW THEIR RULES,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
WHEN THEY´VE TORTURED AND SCARED YOU FOR TWENTY´ODD YEARS,  
THEN THEY EXPECT YOU TO PICK A CAREER,  
WHEN YOU CAN´T REALLY FUNCTION YOU´RE SO FULL OF FEAR,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
KEEP YOU DOPED WITH RELIGION AND SEX AND TV,  
AND YOU THINK YOU´RE SO CLEVER AND CLASSLESS AND FREE,  
BUT YOU´RE STILL FUCKING PEASENTS AS FAR AS I CAN SEE,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
THERE´S ROOM AT THE TOP THEY ARE TELLING YOU STILL,  
BUT FIRST YOU MUST LEARN HOW TO SMILE AS YOU KILL,  
IF YOU WANT TO BE LIKE THE FOLKS ON THE HILL,  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
A WORKING CLASS HERO IS SOMETHING TO BE.  
IF YOU WANT TO BE A HERO WELL JUST FOLLOW ME,  
IF YOU WANT TO BE A HERO WELL JUST FOLLOW ME.



Foto: Erik Berg



Foto: Marianne Sævihaug



Foto: Håge Stodtveit

# Working Class Hero

Laurdag kl. 18.00 i Lindehuset

Eit knippe forfattarar og musikarar har tatt utfordringa å framføre si personlige tolking av Lennon-klassikaren *Working Class Hero*. Det ligg an til ein kveld av dei heilt sjeldne med eit stort spekter av musikalske uttrykk frå rap til samtidsmusikk via blokkfløyte. Ein ny kjenning av politiet, skotten, industriarbeidaren og bluesveteranen Half-blind Willie McAskane er kveldens konferansier. Han meiner at *Working Class Hero* er tatt frå han.

Linda Eide, Erlend O. Nødtvedt, Pedro Carmona-Alvarez, Maja Ratkje og Poing, Sjef R



# Det store klassehatet

Laurdag kl. 17.00 i Lindehuset

Då Johan Jönson framførte eit dikt der diktar-eget tørkar sin «herpesbubblende kuk» på overklassefamiliens handklede, utløyste han eit ras av ein klassehatdebatt i Sverige. Også i Norge har debatten herja avisspaltene denne sommaren. Vi prøver å samle trådane: Kven hatar kven? Kven er folk, og kven er elite?

Johan Jönson / Kjartan Fløgstad / Cathrine Knudsen / Lars Ove Seljestad  
Karin Haugen er ordstyrar

I løpet av dei siste åra har ei rekke norske forfattarar skrive om demens i romanar, noveller, dikt og skodespel.

## DEMENSENS POETIKK

Det handlar om minne og gløymse, om å miste seg sjølv og andre, og kor grensene går for å vere eit menneske. Det finst inga lykkelig utgang på sjukdommen. Ingen kan sigre over demensen. Og kanskje nettopp dette, den store menneskelige tragedien, og det aukande omfanget av sjukdomen, gjer demens så godt eigna som litterært tema i vår tid?

Cathrine Knudsen og Gunstein Bakke skriv begge om demens i dei kritikkroste bøkene sine *Jeg kunne vært et menneske* og *Murskueteknikkane*. På symposiet møter dei den svenske forfattaren og psykoanalytikaren UKON, som har studert Alzheimer, "glemselens sjukdom", og demensens poetikk.

**Karin Haugen er ordstyrar**

**Torsdag kl. 16.00 i Sentralbadet**



Foto: Anna Julia Granberg




Foto: Finn Ståle Friberg



# Sentralbadet Poesi

## Lyrer og basuner. Spreng alt!

Laurdag kl. 14.00 i Sentralbadet

Poeten Henning H. Bergsvåg er vert for årets forrykande poesiprogram i Sentralbadet.

Det ligg an til dei heilt store kontrastane når Tormod Hauglands og Erlend O. Nødtvedts lyrisme blir sett opp mot Johan Jönsons beinharde, loggaktige registrering.

Verten lovar også ein samtale rundt dei store spørsmåla: Kvifor skrive? Er det for å synge, eller for å tenke/forandre samfunnet?



Foto: Marthe Sporehan



Foto: Egil Haraldsen



# Norden les Solstad, Solstad les Norden

## Dag Solstad er ein av Norges mest feira forfattarar, men er han mest for nordmenn?

Vi har invitert Norden til å lese *Elleve roman, bok atten*. Mai Misfeldt frå Danmark, Peter Micwitz frå Finland og norske Tor Eystein Øverås vil framføre kvar sine nærlesingar av ein av Norges mest betydningsfulle, nyare romanar. Etter dette vil Solstad sjølv halde eit innlegg om korleis han «les Norden», om mottakinga av forfattarskapen sin i dei respektive landa. Til slutt byr vi opp til diskusjon om Solstads forfattarskap.

Gro Jørstad Nilsen er ordstyrar.

**Dette er ein einestående sjanse for publikum til å få eit utvida perspektiv på Solstad-resepsjonen og eit djupdykk i hans forfattarskap.**

**16 Fredag kl. 14.00 på biblioteket**



Foto: Espen Tollefsen

# Månen snur den svarte sida til

Møt forfattaren Marit Tusvik i samspel med musikar Hege Rimestad på elektrisk fele og ukulele. La deg trøste, vogge og rive med i denne poetiske minikabareten av opplesing, musikk og sang i musikalske bølge-slag mellom Marit Tusviks dikt og hennar siste bok *26 små romaner* der songar av Vysotskij, Kjellsson og franske balladar og meir til er innvovne rundt omkring.

**Torsdag kl. 20.00 på Iris / Laurdag kl. 14.00 på Ekspedisjonen**

## LITTERATURSYMPOSIET 2012 PROGRAM

### ONSDAG 10. OKTOBER

10.00	Meieriet	<i>Når ord fengslar</i> . Fagseminar om litteraturformidling. Sylvelin Vatle. <b>500,-</b>
10.00	Sentralbadet	<i>Skrivekurs</i> med Frode Grytten, LLA
15.00	Smelt	<i>Opning av utstilling</i> , Lars Korff Lofthus. <b>gratis</b>
16.00	Smelteverket	<i>Opning av symposieutstillinga</i> Normaliserende sanksjoner (foto), Fin Serck-Hanssen. <b>gratis</b>
17.00	Sentralbadet	<i>Varg Veum, til døden</i> . Trond Espen Seim og Marit Eikemo i samtale. <b>100,-</b>
19.00	Lindehuset	<i>Litterær kraftstasjon</i> . Symposiets opningsforestilling. Frode Grytten, Cathrine Grøndahl m.fl. Musikk, taler og overraskinger. <b>250,-</b>
21.30	Iris scene	<i>Dr. Einar Rockmann - Live in Concert</i> . <i>Konsert: Laura og Arpad Buta m/band</i> . <b>100,-</b>
22.00	Hard. Hotel	<i>Symposiequiz v/quizmaster</i> Jan Arild Breistein. (pr. lag) <b>50,-</b>

## TORSDAG 11. OKTOBER

11.00	Smelt	<i>Litterær lunsj:</i> Poesilunsj med UKON og Gunstein Bakke. <b>Gratis</b>
11.30	Meieriet	«Oppdrag mottro – jakta på gamle dagar». Linda Eide. Senioruniversitetet. <b>90,-/40,- (Bill. i døra)</b>
12.00	Sentralbadet	<i>Det norske essayet.</i> Kaja Schjerven Mollerin, Tor Eystein Øverås, Espen Stueland. Ordstyrar: Karin Haugen. <b>100,-</b>
13.00	Odda bibl.	<i>Kriminelt bra!</i> Miniseminar om krim og kvalitet. Chris Tvedt, Kjartan Fløgstad, Frode Grytten, Tom Egeland, Cathrine Grøndahl. Ordstyrar: Gro Jørstad Nilsen. <b>100,-</b>
14.00	Sentralbadet	<i>Sylvelin Vatle</i> møter Vaksenopplæringa.
16.00	Sentralbadet	<i>Demensens poetikk.</i> Cathrine Knudsen, Gunstein Bakke, Ulf Karl Olov Nilsen (UKON). Ordstyrar: Karin Haugen. <b>100,-</b>
16.00	Bokkotunet	<i>Syng meg heim.</i> Konsert/opplasing ved Atle Hansen. <b>Gratis</b>
18.00	Hard. Hotel	<i>Fanga i ein Frode Grytten-roman.</i> Frode Grytten møter Asbjørn Lauvstad. <b>100,-</b>
19.00	Hard. Hotel	<i>Bokprat</i> med Tom Egeland ved Anne Oterholm. <b>100,-</b>
19.00	Røldal bibl.	<i>Ordfest:</i> Sylvelin Vatle. <b>Gratis</b>
20.00	Iris scene	<i>Månen snur den svarte sida til.</i> Mini-cabarét med Marit Tusvik og Hege Rimestad. <b>150,-</b>
20.00	Lindehuset	<i>Konsert med Side Brok.</i> Ungdomsarr. <b>200,-/100,-</b>

## Utstillinger:

**Normaliserende sanksjoner (foto), Fin Serck-Hansen**

Smelteverksporten

**Lars Korff Lofthus (måleri)**

Smelt café

**Confessions (video), Ignas Krunglevicius**

Nitrogenanlegget, Lindehuset

I samarbeid med Borealis.

Daglege omvisingar på Smelteverket torsdag – laurdag kl. 15.30, oppmøte utanfor Odda Vitensenter.

## FREDAG 12. OKTOBER

11.00	Smelt	<i>Litterær lunsj: "Gjennom kjøttet".</i> Disseksjonen og kroppens kulturhistorie. Espen Stueland. <b>Gratis</b>
11.00	NLI	<i>Bedriftsbesøk.</i> Marit Eikemo.
11.00	Espeland dame	<i>Bedriftsbesøk.</i> Anne Oterholm. <b>Gratis</b>
11.00	TIZIR	<i>Bedriftsbesøk.</i> Lars Ove Seljestad. <b>Gratis</b>
11.00	Zanz	<i>Bedriftsbesøk.</i> Marit Tusvik. <b>Gratis</b>
11.00	Odda energi	<i>Bedriftsbesøk.</i> Chris Tvedt.
11.00	Politiet	<i>Bedriftsbesøk.</i> Vigdis Hjorth.
12.00	Bokkotunet	<i>Sylvelin Vatle.</i> <b>Gratis</b>
12.00	Sentralbadet	<i>Bokprat</i> med Brit Bildøen v/ Kaja Schjerven Mollerin. <b>50,-</b>
13.00	Odda bibliotek	<i>Debatt om boklov.</i> Lars Ove Seljestad, Tom Egeland, Anne Oterholm, Mai Misfeldt, Georg Arnestad. <b>100,-</b>
14.00	Murboligen	<i>Bikubesalong.</i> Frode Grytten, Vigdis Hjorth, Brit Bildøen, Erlend O. Nødtvedt, Henning H. Bergsvåg. <b>200,-</b>
14.00	Odda bibliotek	<i>Norden les Solstad, Solstad les Norden.</i> Dag Solstad, Tor Eystein Øverås, Mai Misfeldt, Peter Mickwitz. Ordstyrar: Gro Jørstad Nilsen. <b>100,-</b>
15.00	Sentralbadet	<i>Bokprat med Johan Jönson</i> v/Lars Ove Seljestad. <b>50,-</b>
16.00	Odda sentrum	<i>Bikubegang</i> Frode Grytten og Pedro Carmona – Alvarez. <b>Gratis</b>
17.00	Sentralbadet	<i>Meir enn 1000 ord, ordet etter 22. juli.</i> Cathrine Grøndahl, Kjartan Fløgstad, Pål Norheim m. fl. <b>50,-</b>
19.00	Lindehuset	<i>Litterær heilften.</i> Trude Marstein, Pedro Carmona-Alvarez, Lars Ove Seljestad, Kjartan Fløgstad. Konferansier: Frode Grytten. <i>Bokprat</i> med Vigdis Hjorth v/ Marit Eikemo. <b>250,-</b>
20.00	Røldalsgarasjen	<i>Syng meg heim.</i> Opplesing/ konsert ved Atle Hansen. <b>100,-</b>
22.00	Lindehuset	<i>Fotballdebatt:</i> Dag Solstad, Kjartan Fløgstad, Frode Grytten, Erlend O. Nødtvedt, Henning H. Bergsvåg. Ordstyrar: Linda Eide. <b>200,-</b>

For meir informasjon og billettsal

[www.litteratursymposiet.no](http://www.litteratursymposiet.no)

Tenestetorget i Odda, 53 65 40 00

Vi tar atterhald om endringar i programmet.

# LITTERATURSYPOMSIET 2012 PROGRAM

## LAURDAG 13. OKTOBER

- 11.00 Meieriet *SmåSymp. Heavykatten*-forestilling av og med Roald Kaldestad med band. Opplesing ved Bjørn F. Rørvik. Konferansier: Gry Folkvord. **75/150,-**
- 12.00 Hard. Hotel *Forbrytelse og straff.* Vigdis Hjorth, Dag Solstad. Ordstyrar: Brit Bildøen **100,-\***
- 13.00 Hard. Hotel *Bokprat med Trude Marstein v/Karin Haugen.* **100,-\***
- 14.00 Hard. Hotel *Opplesing.* Vidar Kvalshaug, Frode Grytten, Cathrine Knudsen. **100,-\***
- 12.00 Sentralbadet *Vitalisme og suget etter virkelighet.* Ane Farsethås og Eirik Vassenden. Ordstyrar: Audun Lindholm. **50,-**
- 13.00 Sentralbadet *Bokprat med Pedro Carmona – Alvarez v/Kaja Schjerven Mollerin.* **50,-**
- 14.00 Sentralbadet *Sentralbadet Poesi.* Erlend O. Nødtvedt, Tormod Haugland, Johan Jönson. Programvert Henning H. Bergsvåg. **50,-**
- 14.00 Ekspedisjonen *Månen snur den svarte sida til.* Mini-kabarét ved Marit Tusvik og Hege Rimestad. **150,-**
- 15.00 Kinsarvik bibl. *Heavykatten* med Roald Kaldestad. **Gratis**
- 15.00 Lindehuset *Wach auf!* Konsert Maja Ratkje og POING, Tyssealkoret. **100,-**
- 15.00 Ungdomshallen *Bokprat med Kjartan Fløgstad v/ Frode Molven.* **50,-**
- 16.00 Odda sentrum *Bikubegang.* Frode Grytten og Pedro Carmona – Alvarez. **Gratis**
- 17.00 Lindehuset *Klassehatet.* Lars Ove Seljestad, Kjartan Fløgstad, Johan Jönson, Cathrine Knudsen. Ordstyrar: Karin Haugen. **100,-\*\***
- 18.00 Lindehuset *Working class hero.* Maja Ratkje og POING, Pedro Carmona-Alvarez, Erlend O. Nødtvedt, Runar Gudnason, Linda Eide, Erlend G. Huus. **100,-\*\***
- 20.00 Kinosalen *Fest i kinokasjotten.* Linda Eide, Odda Storband, Internasjonalt kor og andre lokale heltar. Film og musikk. **250,-**
- 20.00 Iris scene *Patti og eg.* Pedro Carmona- Alvarez og Brit Bildøen i samtale om Patti Smith. Ordstyrar: Kaja Schjerven Mollerin. **100,-**
- 22.00 Hard. Hotel *Lazy spelar til dans.* **150,-**
- \* Hardangerpakken: laurdag formiddag kl. 12 - 15, kr. 250,-**  
**\*\* Fellesbillett Lindehuset ettermiddag 150,-**

## SØNDAG 14. OKTOBER

- 14.00 Sentralbadet *Bokprat med Lars Ove Seljestad v/ Karin Haugen.* **50,-**
- 14.00 Kalvatræet, Røldal *Kjartan Fløgstad.* Opplesing. **Gratis**
- 16.00 Formannshuset *Flygelet fangar* med Ketil Bjørnstad. På scenekanten med Vidar Kvalshaug. **150,-**

Poeten, musikaren og kunstnaren Patti Smith har hatt kolossal innverknad på New Yorks punkrock-scene med folk som Robert Mapplethorpe, Janis Joplin, Jim Morrison, Andy Warhol, Bob Dylan, William Burroughs i omgangskretsen sin.

Smiths første prosabok *Just Kids* kom i 2010 til svært god omtale i internasjonal presse, og er omsett til norsk av Brit Bildøen. Boka er eit unikt tidsdokument frå seint sekstital i New York, samtidig som det er ei varm og inderleg kjærleiksforteljing frå Smith til hennar elska ven Mapplethorpe.

Møt Brit Bildøen, Pedro Carmona-Alvarez og Kaja Schjerven Mollerin i samtale om punkens gudmor.



Foto: Egil Haraldsen



Foto: Helge Stedvin

# Patti og eg

Laurdag kl. 20.00 på Iris scene



# Forbrytelse og straff

Kva roller spelar forbrytelsen i Dag Solstads bøker om Bjørn Hansen? Og kva betydning har straffa? Kva slags fengselliv er det Vigdis Hjorth skildrar i *Tredve dager i Sandefjord*? Romanen er basert på forfattarens egne erfaringar frå soninga av ein promilledom i Sandefjord påska 2010.

Forbrytelse og straff er ein samtale mellom Dag Solstad og Vigdis Hjorth om dei klassiske litterære tema med utgangspunkt i egne bøker.

**Brit Bildøen er ordstyrar**

Laurdag kl. 12.00 på Hardanger hotel

*Kjartan Fløgstads Nordaustpassasjen* handlar om livsveggar, sjøveggar og utveggar gjennom nye farvatn, når isen smeltar og det ideologiske klimaet skiftar. **Lars Ove Seljestad** skriv om rasande naturkrefter og rasande menneskesinn i sin siste roman *Isberg*. **Pedro Carmona-Alvarez` Og været skiftet og det ble sommer og så videre** er ein liten roman om dei store tinga – om kjærleik, tap, sagn og rotlause. **Trude Marsteins *Hjem til meg*** handlar om den notorisk utru Ove, som ikkje klarer å la vere å by på seg sjølv.

# Litterær heilafte

Fredag kl. 19.00 i Lindehuset

Han er utru når han er 33 og er framleis på kvinnejakt når han har passert 60. I **Vigdis Hjorths *Leve posthornet!*** handlar det om ein kommunikasjonsrådgjevar som arbeider mot innføringa av EUs postdirektiv, ei bok om å forandre døde brev til levande, om å engasjere seg og finne inderlegheit i tilveret.



Foto: Helge Skarv



Foto: Marina Sorohan



Foto: Lene Gilje Østensen



Foto: Håvard Jørgen Bruh



Foto: Marina Sorohan

**Eit eksklusivt utval av haustens bokaktuelle romanforfattarar vil presentere dei nye bøkene sine. I første del blir det opplesing. I andre del inviterer Marit Eikemo Vigdis Hjorth opp på scena til bokprat. Frode Grytten er kveldens konferansier.**



# Wach auf!

Wach auf! Maja Ratkje og POING  
Laurdag kl. 15.00 i Lindehuset

I "Wach auf!" blir revolusjonær musikk frå ulike stader og epokar til brennheite, nære stykke som kommenterer og feirer folket sin kamp for fridom gjennom alle tider.

Konserten er eit resultat av eit tiårig samarbeid mellom to av Norges mest spennande og nyskapande aktørar, Maja Ratkje og POING. I Odda stiller dei med Tyssedalkoret på scena.



# Side Brok

Konsert med Side Brok  
Torsdag kl. 20.00 i Lindehuset

Dei debuterte i 1999 som oppvarmingsband for ei polsk striperske og blei bua av scena på eit forsamlingshus i Ørsta. Sidan debutplata i 1999 har dei rappa seg til stadig nye høgder på ørstadialekt. I dag er Side Brok eit av landets største og mest særprega hip hop-band.

*På tide å spele litt konsertar igjen, og kvifor ikkje begynne i Odda? Kan ikkje berre sitje og lage ny plate heile tida heller.*

Side Brok på Facebook.

## UKON

Ulf Karl Olov Nilsson er ein svært produktiv og populær forfattar. Han er også psykoanalytikar, noko som smittar over på forfattarskapen. Dikta hans er repitative, ofte både morosame og rasande på same tid, og som opplesar står han i ein særklasse.

Møt UKON på Litterær kraftstasjon, Demensens poetikk og litterær lunsj med Gunstein Bakke

Møt to av Sveriges mest interessante poetar



**JOHAN JÖNSON**  
Outsiderperspektivet og eit særeige underklassemedvit er konsekvent gjennomført i forfattarskapen. I 2009 blei han nominert til Nordisk Råds litteraturpris for diktsamlinga *Efter arbetsschema* (2008), ein prosalyrisk dagboktekst, med brutale skildringar av arbeidslivet i lågstatusyrke. Boka kjem på norsk denne hausten.

Møt Johan Jönson på Det store klassehatet, Sentralbadet Poesi og i bokprat med Lars Ove Seljestad.


Bli bedre kjent med våre gjester og bøkene deira i symposiets mange samtalar

# Tett på

Kjartan Fløgstad i samtale med Frode Molven, Ungdomshallen laurdag kl. 15.00  
Trude Marstein i samtale med Karin Haugen, Hardanger hotel kl. 13.00  
Trond Espen Seim i samtale med Marit Eikemo, Sentralbadet onsdag kl. 17.00  
Tom Egeland i samtale med Anne Oterholm, Hardanger hotel torsdag kl. 19.00  
Johan Jönson i samtale med Lars Ove Seljestad, Sentralbadet fredag kl. 15.00  
Vigdis Hjorth i samtale med Marit Eikemo, Lindehuset Litterær heilafteften fredag kl. 19.00  
Brit Bildøen i samtale med Kaja Schjerven Mollerin, Sentralbadet fredag kl. 12.00  
Pedro Carmona-Alvarez i samtale med Kaja Schjerven Mollerin, Sentralbadet laurdag kl. 13.00  
Ketil Bjørnstad i samtale med Vidar Kvalshaug, Formannshuset søndag kl. 16.00

# Flygelet fangar

Ketil Bjørnstad Vidar Kvalshaug



- Eg hugsar eg nesten grein av glede då eg spelte på det. Flygelet hadde ein kolossal, varm, intens klang. Eg var heilt besatt, sa Ketil Bjørnstad til Aftenposten tidligare i år.

Flygelet, Steinways D-modell, har vore elska av fleire enn Ketil Bjørnstad: Keith Jarrett og Ashkenazy, for å nemne nokre. I dag står flygelet i Formannshuset i Odda etter å ha blitt gitt bort og neglisjert og brukt til russerevyar i mange år.

**Søndag kl. 16.00 i Formannshuset**

**På Litteratursymposiets siste dag kjem Ketil Bjørnstad til Odda for spele på sin gamle kjærleik i Formannshuset.**

Litteratursymposiets grand finale er eit unikt møte med musikaren og forfattaren Ketil Bjørnstad i samtale med forfattar og kritikar i Aftenposten, Vidar Kvalshaug.





Elevar i heile distriktet kan gle seg til å møte eit A-lag av norske barne- og ungdomsbokforfattarar i løpet av symposiet. Forfattaren og musikaren Atle Hansen er kjent for drivande spenningsbøker for barn og unge, til dømes *Det kvite pulveret*, *Skatten i Skutevika*, *Fangar i natta* og *Den svarte oxen*.

Aina Basso (bilde) er aktuell med den historiske ungdomsromanen *Inn i elden*, med hekseprosessane i Finnmark som dramatisk bakteppe. Lars Mæhle slo gjennom med fantasyromanen *Landet under isen* og kjem i år med ungdomsromanen *Fuck off I love you*. Oddaforfattaren Liv Eirill Evensen fekk Kulturdepartementets debutantpris for ungdomsboka *Meg og en kritthvit T-skjorte uten trykk på*, aktuell i år med ungdomsromanen *Bandet mitt spiller ikke progrock*. Sylvelin Vatle har skrive ei rekke bøker for barn og unge, og er i tillegg mykje brukt som svært inspirerende kurshaldar i litteraturformidling og forteljarkunst, også i Odda: på Litteratursymposiets faglig-pedagogiske seminar, *Når ord fengslar*, på oppningsdagen.

# SmåSymp

**Heavykatten** er ei forrykande forestilling som Roald Kaldestad har laga i samarbeid med musikarane Stig Lundblad-Sandbakk og Roy Ole Førland. Den bygger på figurane Heavykatten, Discodansemusa og Pinnsvinet Phillip som Kaldestad har skrive fire bøker om.

Publikum får også møte **Bjørn F. Rørvik**, kanskje mest kjent for dei fantastiske bøkene om *Reven og Grisungen* og *Bukkene Bruse på badeland*. I år er han aktuell med *Purriot og den usynlige mannen*. Mesterdetektiv Purriot, ei herleg blanding av ein kjent belgisk detektiv og ein purre, sit ved frukostbordet saman med kona si, Paprika, då mobilen ringer. Ei gammal dame, Bestemor Blom, treng hjelp til å løyse eit mysterium. Bestemor Blom bur på Hurlumheia, og snart er Purriot og Paprika på veg dit. Det viser seg at både Bestemor Blom og ein liten gutt, Per Sille, er blitt overfalt i løpet av nokre få dagar, og det finst ikkje spor etter gjerningsmannen.

Gry Folkvord er konferansier for SmåSymp

Laurdag kl 11.00 på Meieriet



# Fanga i ein Frode Grytten-roman

I Frode Gryttens *Saganatt* flytter Arvid Lunde til Odda ein gong tidlig på 1980-talet, blir lærar på gymnaset og sjef for kaffimaskina. Han ser ut som om han ønskjer å bli slukt av staden, som om han vil gå i eitt med røyken, regnet og skodda. Ein dag tar tidsånden plass i den tynne kroppen hans, og det blir kjent at Arvid Lunde har blitt millionær på aksjehandel.

Dette syns Asbjørn Lauvstad liknar til forveksling på si eiga historie, mannen som flytta til Odda tidlig på åttitalet, jobba på gymnaset, blei millionær og mista alt i det store børskrakket. Historia om Asbjørn Lauvstad er ei komprimert historie om jappetida i Norge. Er han også modell for Arvid Lunde?

## Frode Grytten møter Asbjørn Lauvstad.

Lauvstad er ikkje den første som føler seg fanga i ein Frode Grytten-roman. Store deler av forfattarskapen til Frode Grytten har handling frå Odda, og oddingane les like gjerne *Bikubesong*, *Flytande bjørn* og *Saganatt* som dokumentarar om Odda som skjønnerlitterære verk.

På Litteratursymposiet kan du møte Lauvstad og Grytten i samtale om forholdet mellom litteratur og Odda, litterære karakterar og levande oddingar. Hallgeir Opedal er ordstyrar.

## Torsdag kl 18.00 på Hardanger hotel

Foto: Mart Olsson



Linda Eide er journalist og forfattar med eine-stående evne til å fengse publikum over heile landet, i alle generasjonar. Gjennom tv-programmet Norske attraksjonar, og den tilhøyrande boka med same namn, formidlar ho kunnskap og kuriosa om våre nære omgjevnader på ein heilt unik, personlig og underhaldande måte.

I haust er Linda aktuell med boka *Oppdrag Mottro. Jakta på gamle dagar*. I ti år har ho ringt mor si. Aldri for å spørja korleis det står til. Alltid for å grava fram noko gammalt som er nytt. For det

mora fortel frå Linda sin barndom liknar ikkje på den barndommen Linda sjølv hugsar. Og når mora fortel frå si tid, også kalla gamle dagar, er det frå eit liv Linda aldri var ein del av. Kva var desse gamle dagar? Og kven er mor egentlig?

Linda kjem til Odda med eit multimediashow basert på boka, ei vittig og tankevekkande utforsking av korleis gamle dagar lever vidare i notida.

Arrangementet er eit samarbeid med Senioruniversitetet i Odda.

## Torsdag kl. 11.30 på Meieriet

Foto: Kristin Høgeland Hauge



# Oppdrag Mottro

## Jakta på gamle dagar.

**Linda:** Fekk du ikkje leva ut personlegdomen din, er det det du seier?

**Mottro:** Men herlegheit, det fanst jo ikkje personlegdom før, og om han fanst så hadde ein jo ikkje råd til å bry seg om han, og i alle fall ikkje leva han ut.

# Fest i Kinokasjotten

Laurdag kl. 20.00 i Kinosalen

Litteratursymposiets familieforestilling er festivalens store flaggskip og eit av dei mest populære arrangementa. Her møtes lokale og profesjonelle heltar i fengslende samspel i kinoens storcelle. Linda Eide er kveldens konferansier, og medverkande forøvrig er Odda storband, Frank Sjøfteland, Mihai Sorohan, Frode Grytten, Internasjonalt kor, Accident, Marina Sorohan, Erlend Garatun Huus, Laura Buta, Arpad Buta, Filiz Hesjedal, Rad Sergiu. Kunstnarisk leiar: Eldbjørg Furholt.

## Gjennom Kjøttet

Er kroppen bare eit fengsel for sjela? Kva skjer med kroppen etter døden? Har den rettar? Espen Stueland, forfattar av boka *Gjennom Kjøttet*, undersøker disseksjonen av menneskekroppen, ein omdiskutert og feira praksis gjennom mange hundre år. Er det grenser for kva vi kan utsette kroppen for? Korleis var og er tilhøvet mellom medisin, forskning, religion, moral og anstendighet?

**Fredag kl. 11.00 på Smelt**

## Debatt om boklov

Bokbransjen står i ei brytingstid det er vanskelig å sjå rekkevidda av. Ein samla bokbransje seier det hastar med å få på plass ein norsk boklov, men kulturministeren tar seg god tid. Vi tar debatten om grunnvilkåra for norsk litteratur i framtida, om e-bøker, fastpris og fripris. Med: Anne Oterholm, Tom Egeland, Georg Arnestad og Mai Misfeldt. Lars Ove Seljestad er ordstyrar.

**Fredag kl. 13.00 på biblioteket**

## Det norske essayet

Tre av landets skarpaste essayistar og kritikarar er aktuelle med nye essaysamlingar: Tor Eystein Øverås, Espen Stueland og Kaja Schjerven Mollerin. Karin Haugen er ordstyrar når dei møter kvarandre til samtale om essayet som tenke- og skrivemåte, og om fellesskapet i litteraturen.

**Torsdag kl. 12.00 i Sentralbadet**

## Frå vitalisme til suget etter røyndom

To av landets mest markante kritikarar og litteraturvitarar, Ane Farsethås og Eirik Vassenden, er aktuelle med kvar sine sakprosa-bøker som til saman femnar om store deler av norsk litteratur, frå vitalismen til vår tids virkelighetshunger. Møt dei i ein samtale om litterære tendensar før og no.

Audun Lindholm er ordstyrar.

**Laurdag kl. 12.00 i Sentralbadet**

## Meir enn 1000 ord

Bøker, avis kommentarar, skjønnlitterære tekstar og antologiar har blitt publisert i eit rasande tempo etter 22. juli. Men kva kan ord gjere når ein slik tragedie råkar? Har forfattarane eit særskilt ansvar?

Pål Norheim, Kjartan Fløgstad og Cathrine Grøndahl møtas til samtale. Frode Grytten les *Eit dikt for dei unge*, som blei framført under Nasjonal minnemarkering 22. juli i år.  
**Fredag kl. 17.00 i Sentralbadet**

Få med deg årets garantert mest spektakulære fotballdebatt! Årets tema er supporteridentitet, og panelet består av Frode Grytten, Dag Solstad, Kjartan Fløgstad, Henning H. Bergsvåg og Erlend O. Nødtvedt. Linda Eide er ordstyrar. Det blir også litterære, fotballfaglige innslag og andre stunts.

Foto: Marina Sorohan



Etter massivt påtrykk har vi i år flytta den populære fotballdebatten frå Hardanger hotel til Lindehuset for å gi plass til alle som vil inn.

**Fotballdebatten**  
**Fredag kl. 22.00 i Lindehuset**



Fotograf Fin Serck-Hanssen problematiserer det norske fengsel- og straffesystemet i sin kunstnariske dokumentasjon frå åtte norske fengsel. Gjennom portrett og stadsskildringar kastar han lys over tema som overvåking, dehumanisering og framandgjering. Er røynda i norske fengsel i samsvar med det norske sjølvbildet som inkluderande og tilgjevande?

*Normaliserende sanksjoner er ei stor utandørs foto-utstilling som skal visast på smelteverks-tomta. Tidligere har den blitt vist i fleire norske fengsel.*

# Symposieutstillinga 2012

## Fin Serck-Hanssen

